

# Ynskjer klimaengasjert

■ ■ Dramatisk issmelting ■ ■ Våtare på Vestlandet ■ ■ Største utfordring

**SOGNDAL:** Klimaforskaren ynskjer nye stemmer i klimadebatten.

– Kyrkja er på bana, men eg ynskjer meg forfattarar, fotballspelarar og LO-medlemmer som står opp for klimaet. Får me nye og klare stemmer, må politikarane ta omsyn, seier Helge Drange, professor ved Universitetet i Bergen, ein av dei fremste klimaforskarane i Noreg. Han deltok på dagsseminaret på Campus torsdag.

## Dramatiske endringar


Vestlandsforskning, Norsk Bremuseum og Senter for klimaforskning sette klimaforskning og klimaforskarane under lupa på dagsseminaret i Sogndal torsdag. Målet var å få fram alvoret i klimautfordringar.

– Korleis kan me få skeptikarane i tale, seier Kristin Linnerud, forskar ved CICERO.

– Klimaskeptikarane har stor respons lokalt. Det er òg lett å leggja skulda på forskarar då resultatane sprikjer, som til dømes CO<sub>2</sub> i atmosfæren og landstemperaturen, sa Jon Farestveit, medlem av Naturvernforbundet, og ein av dei få lokale som deltok på seminaret.

## Somlar bort

– Den store faren er at me somlar bort den verdfulle tida me har, seier Drange. Han viste til dei dramatiske endringar i



**NÅ FRAM:** – Målet vera å få mange og ulike stemmer til å målbera budskapen. Då vil me nå fram til fleire, seier Helge Drange, ein av dei fremste klima-

klima som har vore dei siste 100 åra. Særleg har dei vore stor

dei siste åra. Diagram og ein fargelagd klode viser korleis klima endrar seg dei siste 100 åra, og kva me kan venta oss i framtida. Om kunnskap ikkje vert sett ut i handling..

– Me må 3,2 milliardar år attende for å finna eit tilsvarande klima. Den globale oppvarminga vil gradvis kunna råka stadig større delar av matjorda. Det vil føra til at evna til å brødfø eit veksande folketal vert dårlegare. Alt no ser ein korleis den auke gjennomsnittstemperaturen gjev store utslag. I området rundt Middelhavet har det vore ein auke i talet på alvorlege

hetebølgjer, og med den følgjen det får. På Vestlandet regnar det meir og meir, og ekstremnedbøren aukar monalege. Dei siste åra har det vore særskilde kalde vintrar, men tidlegare vår. Ta berre dei utfordringar det gjev for til dømes fruktdyrkarar, seier Drange.

## Tiltak snart

Klimaforskaren viste til at det må gjerast ganske omfattande bote-middel til for at ein skal nå det mykje omtala togradarsmålet.

– Styresmakter og oljeindustrien stør seg til dette målet. Dagens politikk er ikkje

i tråd med dette målet. Det er kanskje teoretisk mogleg, men då må tiltaka setjast i gang ganske snart, seier Drange. Han lèt det ikkje vera den minste tvil om at hadde CO<sub>2</sub> hatt farge, smak eller lukt hadde situasjonen vore annleis.

## Gryande optimist

Midt oppe i dei store utfordringane med sterke økonomiske motkrefter og tiltakslause politikarar, tek ikkje motet frå klimaforskaren.

– Eg er gryande optimist når eg ser fram i tid. For første gong er dei byrja å snakka om klima

fagdekk Norges eldste dekkfagkjede

**YOKOHAMA**

**.drive into the future**


**Advan Sport** Supersport Performance  
**C.drive2** Komfort Performance  
**A.drive** Sport Performance

Yokohama gir deg muligheten til valg av riktig dekk til din kjørestil!

**Turlid Transport as**  
Dalen 51 - 5745 Aurland. Tlf. 576 33 333  
www.fagdekk.no

## ENGASJEMENT:

– For oss på Bremuseet er det viktig å gje kunnskap om dei globale klimaendringar, seier isforskar Olav Orheim.



# t fotballspelar

nga



forskarane i landet.

i USA, ikkje minst etter presidentvalet og orkanen Sandy. Kina har store problem med ureining. Kjem Kina verkeleg i sig og tek tak i dei store utfordringane sine, kan me sjå store endringar. Den store faren er at me somlar bort verdifull tid. Det kan kosta oss dyrt, og dette er noko generasjonane etter oss vil vera lite glad for, seier Helge Drange.

Sigrid Svartefoss  
sigrid.svartefoss@sognavis.no



**LÆRERIKT:** – Er det vilje, vil det vera mogleg å gjera noko med klimaendringane. Lærerikt og spennande å høyra klimaforskaren, seier Maia Henden. Ho er tredjeårs elev i biologi ved Sogndal vidaregåande skule.

## – Nigardsbreen er turistvinnar

**SOGNDAL:** Isforskar Olav Orheim er ikkje i tvil.

– I nærområdet vårt vil det berre vera ein bre som er vakker. Nigardsbreen vil framleis vera ein skikkeleg bre, og vera ein turistvinnar, sa den kjende isforskararen på seminaret.

### Krympa kraftig

Med hjelp av bilete viste han korleis Briksdalsbreen har krympa kraftig dei siste 20 år. Etter ein vinter med ekstremt lite regn, kan den

kjende breen i Oldedalen vert endå mindre.

– I Antarktisk skjer dei største klimaendringar som skjer på jorda. Isarealet er halvert på 20 år. Me har klimaendring, og det aller meste er menneskeskapt. Det er dei ikkje tvil om, men spørsmålet er kor mykje som er menneskeskapt. Me vil vera den siste generasjonen som slepp unna konsekvensane av dei store klimaendringane, seier Orheim, forskaren og leiar ved Norsk Polarinstittutt, har vore leiar for mange ekspedi-

sjonar til Antarktis.

### Påverknadsagent

I arbeidet med å formidla om dei klimaendringane som skjer, har Norsk Bremuseum i Fjærland ei viktig oppgave og utfordring.

– Museet skal formidla og fengsla publikum som kjem, og dei skal gå ut frå museet og verta påverknadsagentar, seier Orheim, som er særleg oppteken av korleis ein skal få tak i dei personane som ikkje trur på klimaendringane.

## Ta vare på huset ditt!

Me hjelper deg å finne dei rette produkta til innvendig og utvendig reingjering.

Stigar, gardintrapper og plattformer finn du hjå oss.



Skal du måla huset ditt så ta turen innom oss.

Her får du gode råd og gode tilbod.



**598**

10 ltr  
Drygoliiln  
Oljedekkbais



**598**

10 ltr  
Drygoliiln  
Oljemaling



**FARGERIKE**

**ØVREBØ FARGEHANDEL AS**  
6868 Gaupne • Telefon 57 68 10 55 • post@ovrebodefargehandel.no

Følg oss på [facebook](#) fargerike øvrebø